



Behovsvurdering Solheim grendahus_ kommunal uttale

Masfjorden kommune sluttar seg til søknaden frå Solheim grendahus vedkomande behovsvurdering i samband med søknad om tilskot til kulturbrygg.

Kulturaktiviteten i Solheim grendahus er ein vesentleg del av drifta.

Masfjorden kommune har ei geografisk inndeling i tre bygdelag, der kvart av bygdelaga har sitt kulturhus. Solheim grendahus er kulturhus og det kulturelle samlingspunktet for Indre Masfjorden.

I søknad skriv søker: « Solheim grendahus gjev rom for omfattande kulturaktivitetar med utgangspunkt i lagslivet i kommunen. Vidare må nemnast private og offentlege samkomer av ymse slag. Huset har månadlege kinoframsyningar i regi av Norsk Bygdekino og elles kan nemnast konsertar, dans, messer (julemess i Solheim grendahus er vidgjeten!), julebord, 4H, quizkveldar, basar, helselagstreff, strikkeklubb, seniordans, pensjonistsamkomer, «Godt vaksen fest», 17. maifeiring, juletrefest, bygdekveldar – og elles utleige som møtelokale for ulike lag og organisasjonar. Av private arrangement kan nemnast utleige for barnedåp/namnefest, konfirmasjonar, bryllaup, gravferd/minnestund, slektstreff og geburstadsfeiringar for store og små.»

Grendahuset har slitasje og behov for oppgradering for å kunne ivareta dei oppgåvane huset har som ein sentral kulturarena i Masfjorden kommune. Dette gjeld toalettanlegg, inngangsparti, universell tilrettelegging og kjøkken. I denne runden vert det ikkje søker tilskot til fornying av kjøkken.

Bygget har 1. prioritet i Masfjorden sine kommunale prioriteringar for søknad om tilskot til kulturbrygg.

Sist gong Solheim grendahus fekk tilskot til kulturbrygg var i 2001.

Med helsing

Frank Kvinge
kulturskulerekotor / fagleiar kultur